



GLOPPEN KOMMUNE

TEKNISK KONTOR

Mottakarar:

Bjørn H Martinussen	Bremanger kommune		
Ingvald Tennebø	Vågsøy kommune, Postboks 294	6701	MÅLØY
Kristian Nave	Selje kommune	6740	SELJE
Kristine Dahl	Gloppen kommune		
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune		
Nygård Ola			
Odd Rønningen	Stryn kommune		
Stanislawa Voldsund	Eid kommune		
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune		

Vår referanse (oppge ved svar) Arkivopplysningar
12/10931 12/329-47 / / K54 /

Dato:
19.10.2012

Referat frå møte 17.10.2012 i arbeidsutval for Vassområde Nordfjord

Møtet var i Smia, kommunehuset i Hornindal
KI 09 – 13

Frammøtte:

Odd Rønningen, Stryn kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Kristine Dahl, Gloppen kommune
Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Organisering av vassområdeutvalet**Arbeidsutval**

Prosjektleiar orienterte om samansetjinga av tilsvarande arbeidsutval under Sogn og Fjordane Vassregionutval.

Møtet var samde om å foreslå for Vassområdeutvalet (VOU) å nedsette eit arbeidsutval som består av representantar frå administrasjonen i kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Hornindal, Stryn, Gloppen og Jølster. Prosjektleiar lagar framlegg til vedtak i VOU.

Referansegruppe

Basert på erfaringar frå Vassområde Stryn, tilrår Odd at ein tidleg kjem i dialog med

interessentar og at nedsetting av referansegruppe får høg prioritet. Det var i møtet semje om å nedsette ei referansegruppe med ein representant frå kvart interesseområde. Dette kan vere fylkeslag. Prosjektleiari vil spørje enkelte lokale lag om dei kan oppnemne ein felles representant. Møtet var samde om å føreslå SFE som representant for vasskraftinteressa. Prosjektleiari lagar framlegg, som arbeidsgruppa får til gjennomsyn. Eventuelle merknader blir handtert før framlegg går til Vassområdeutvalet.

Temagrupper

Det er mykje kompetanse innanfor VOU. Prosjektleiari tar initiativ til å kartlegge dette, og på basis av dette kan temagrupper settast saman innanfor enkelte fagområde.

Tiltaksanalyse

Odd orienterte om kva som ligg i omgrepet og om erfaringar frå Stryn Vassområde i fyrste planfase. Eksempel på tiltak og interessemotsetnad. Hovuddelen av arbeidet med tiltaksanalysar vil bli utført av kommunane, som kan innleie arbeidet no. Prosjektleiari lagar mal for utfylling, for å få til harmoniserte bidrag frå kommunane.

Overvåking

Det vart orientert frå gruppa om overvåking som tidlegare er utført. Før ein planlegg overvåking må ein forhøyre seg om Fylkesmannen sine planar. Ein del av overvåkinga frå fyrste planfase i Stryn kan ha overføringsverdi til andre vassførekomstar i Nordfjord. Overvåking bør ta til om våren 2013. Fylkekommunen v/ Merete Farstad bør konfererast om analyselaboratorier.

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål

Høyringsuttale til «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Vassregion Sogn og Fjordane»
Møtet meiner det ikkje er trong for at Vassområdeutvalet lagar høyringsuttale på dette dokumentet. Det må vere opp til kvar enkelt kommune om dei skal lage høyringsuttale.
Høyringsfrist 31.12.2012.

Vesentlege spørsmål frå vassområde Nordfjord vil bli lagt ut på Vannportalen.no, og kunngjort i lokalaviser. Kommunane vil bli bedne om å legge ut lenk til dokumentet på sine nettsider. Møtedeltakarane var samde om å sette frist for merknader til dette vassområdedokumentet til 31.12.2012 (same dato som høyringsfristen for høyringsdokumentet frå vassregionen).

Medverknad

Møter med interessegrupper bør primært haldast samla for vassområdet.

Synfaringar

Det var framlegg om å arrangere synfaring for Vassområdeutvalet, og aktuelle interessegrupper 3-4 gonger. Framlegg til tema: regulerte vassdrag, forureina elv, forbyggingar.

Med helsing

Staffan Hjohlman
prosjektleiari
tlf. 904 02 661